



---

## Notat

---

Til: Harry Finseth

Kopi til:

Saksbehandler: Tenesteområde Plan, utbygging og kommunalteknikk/Marianne Aadland Sandvik  
Vår referanse: 18/2610 - 1 / Gbnr - 1/1, FA - L42  
Dato: 09.11.2018

---

### Emne: Intern oversendelse - gbnr 1/1 Flatøy

**Tiltak:** Førespurnad om søknadsplikt for VA-anlegg  
**Byggjestad:** Gbnr: 1/1  
**Tiltakshavar:** Meland kommune  
**Ansvarleg søkjar:**

Plassering av vass- og avlaupsleidning er søknadspliktig etter pbl § 20-2, jf. § 20-1 bokstav a). På bakgrunn av lengda er tiltaket søknadspliktig med krav om ansvarleg føretak, jf. § 20-3.

Leidningane er tenkt plassert på eit areal som er satt av til framtidig bebyggelse og anlegg, BE\_1 og omsynssone friluftsliv H530\_2 i kommuneplanen sin arealdel (KPA). Under føresetnad av at plasseringa ikkje gjer varige sår i terrenget og etablerte stiar og turområde vert teke vare på, er ikkje tiltaket i strid med arealformåla, jf. Kommunal- og moderniseringsdepartementet i tolkingsuttalelse datert 10.6.2015, ref: 15/2054-3.

Vidare ligg arealet innanfor byggjeforbodet i strandsona, som vist på kommuneplanen sitt arealplankart. Føresegn § 1.6 punkt 6 til KPA legg til grunn følgjande:

*Der det er naudsynt for framføring av kablar, leidningar og røyr for teknisk infrastruktur, kan graving i 100-metersbeltet langs sjø og vassdrag utførast så lenge inngrepet skjer skånsamt og terrenget vert ført attende til det opphavlege.*

Under føresetnad av at inngrepet skjer skånsamt og terrenget vert ført attende, er tiltaket etter dette ikkje i strid med byggjeforbodet i strandsona. Dette følgjer også direkte av ovannemnde uttalelse frå departementet.

---

#### Postadresse

postmottak@meland.kommune.no  
Postboks 79, 5906 Frekhaug  
Besøksadr: Havnevegen 41 A  
5918 Frekhaug

#### Kontakt

www.meland.kommune.no  
Telefon +47 56 17 10 00  
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 98 36413  
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: [www.nordhordlandskart.no](http://www.nordhordlandskart.no)

Vår vurdering etter dette er at plassering av vass- og avlaupsledning over gbnr. 1/1 ikkje vil vere i strid med gjeldande arealformål og byggjeforbodet i strandsona. Tiltaket vil dermed kunne godkjennast ved søknad etter plan- og bygningslova kapittel 20.

Før søknaden kan handsamast etter plan- og bygningslova kapittel 20 må plasseringa avklarast med Hordaland fylkeskommune i høve Kulturminnelova, og med Bergen og Omland Havnevesen i høve plassering av tiltak i sjø.

Med venleg helsing

Marianne Aadland Sandvik  
Juridisk rådgjevar byggjesak  
[www.marianne.aadland.sandvik@meland.kommune.no](mailto:www.marianne.aadland.sandvik@meland.kommune.no)